



Sakliste årsmøte

IL HØDD

1. Godkjenne dei som har stemmerett
(jfr. § 6 i lova)
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Val av ordstyrar og referent
5. Val av 2 medlemmer til å underskrive protokoll
6. Godkjenning av årsmeldingar
7. Godkjenning av rekneskap
8. Handsame forslag og saker
9. Fastsetje medlemskontingent og treningsavgift
10. Vedta budsjett
11. Handsame laget sin organisasjon
12. Heidersmerke
13. Val
 - a. Leiar og nestleiar
 - b. 3-6 styremedlem
 - c. Kontrollkomite
 - d. Representantar til ting og møte i dei organisasjonane som idrettslaget har representasjonsrett
 - e. Valkomité

Høddvoll den 07.03.2017

Styret i IL Hødd



SAK 1 GODKJENNING AV DEI SOM HAR STEMMERETT

Det vert gjort kontroll av medlemskap av dei som møter til årsmøtet. Berre dei som har gyldig medlemskap har stemmerett på årsmøtet.

Styret ber årsmøtet godkjenne dei frammøtte og godkjende medlemmane som vedtaksføre.

SAK 2 GODKJENNING AV INNKALLING

Årsmøtet har vore annonsert i Vikebladet og på klubben sine nettsider (fotball, handball og turn).

Styret rår årsmøtet å godkjenne innkallinga.

SAK 3 GODKJENNING AV SAKLISTE

Saklista og dokument/saker har vore tilgjengelege for medlemmane på gruppene sine nettside i minst 1 veke før årsmøtet.

Styret rår årsmøtet å godkjenne saklista.

SAK 4 VAL AV ORDSTYRAR OG REFERENT

Styret overlet til årsmøtet å kome med forslag til møteleiar og referent.

Styret ber årsmøtet kome med forslag.



SAK 5 VAL AV 2 MEDLEMMAR TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN

Styret overlet til årsmøtet å legge fram forslag til – og velje 2 kandidatar til å underskrive protkollen.

Styret ber årsmøtet om å kome med forslag.

SAK 6 GODKJENNING AV ÅRSMELDINGAR

Styret har lagt fram årsmelding for IL Hødd og viser elles til dei andre gruppene sine årsmeldingar som er godkjende av laga sine respektive årsmøter. Sjå vedlegg til saka.

Styret ber årsmøtet goskje gjenne dei framlagde årsmeldingane.

SAK 7 GODKJENNING AV REKNESKAP

Styret legg fram rekneskapen slik den ligg føre og viser til at resultatet ikkje er til forventningane sidan fotball viser eit underskot. Styret viser til kommentarane i Årsmeldinga for IL Hødd. Dei andre gruppene viser eit godt resultat. Eigenskapitalen i IL Hødd er framleis solid. Sjå vedlegg til saka.

Styret rår til at årsmøtet godkjenner rekneskapen slik den ligg føre.



SAK 8 HANDSAME FORSLAG OG SAKER

Det er ikkje kome inn forslag eller saker til årsmøtet

SAK 9 FASTSETTE MEDLEMSKONTIGENT OG TRENIGSAVGIFT

Styret viser til tabellane i vedlegget til saka.

Styret ber årsmøtet godkjenne medlemskontigenten og treningsavgiftene i fei ulike gruppene.

SAK 10 VEDTA BUDSJETT

Styret legg fram forslag til budsjett – sjå vedlegg til saka. Det er eit nøkternt budsjett og styret meiner at det er eit realistisk budsjett.

Styret ber årsmøtet godkjenne det framlagde budsjettet for IL Hødd.

SAK 11 HANDSAME LAGET SIN ORGANISASJON

Laget sin organisasjon har ikkje endra seg og styret legg fram ein forenkla organisasjonsplan. For meir detaljert informasjon om gruppene sin organisasjon, viser styret til fotball, handball, turn og trim sin organisasjonsplan. Sjå vedlegg til saka.

Styret ber årsmøtet godkjenne lagets organisasjon.



SAK 12 HEIDERSMERKE

Styret er svært glad for den frivillige innsatsen som svært mange gjer for IL Hødd og det er heilt klart at IL Hødd ikkje hadde vore eit idrettslag som vert lagt merke til og respektert for den frivillige innsatsen om ikkje det var for alle dei som bruker tid og krefter i dei ulike gruppene. Styret roser Heidersmerkenemnda for å halde orden i «sysakene». Sjå vedlegg til saka.

Styret ber årsmøtet godkjenne Heidersmerkenemnda sin innstilling.

SAK 13 VAL

Valnemnd:

Forslag til valnemnd ligg til styret å kome med forslag til og styret vil legge fram forslag til valnemnd:

Arve Løset

Jon Åge Sundal

Lene Trude Solheim

Dei som er foreslått er blitt spurde og har sagt ja.

Styret ber årsmøtet godkjenne innstillinga til valnemnd.



VEDLEGG TIL SAK 6

I.L. HØDD

ÅRSMELDING FOR 2016

Styret i IL Hødd 2016:

Einar Warholm	Leiar
Bård Dalen	Nestleiar (Leiar Fotball)
Jarl Martin Møller	Medlem (Leiar Handball)
Ann Kristin Eiken	Medlem (Leiar Turn)
Lindor Skeide	Medlem (Leiar Trim)

Styret har hatt til saman 5 møter i perioden.

Styret har mellom anna handsama følgjande saker i perioden:

- Fordeling av LAM midlar (kr. 330.499), Grasrotmidlar (kr. 183.454) og momskompensasjon (kr. 353.684). Ein auke totalt på ca. kr. 63.487.
- Høddboka 2015
- Arbeidsgruppe 100 årsmarkeringa:
 - Arne Flatin Heidersmerkenemnda
 - Sindre Eid Hødd Fotball
 - Liv Janne Dalehamn Hødd Handball
 - Ragnhild Kriken Garnes Hødd Turn
 - Eldor Skeide Æresmedlemmane
- Profileringshandbok
- Nettside for IL Hødd
- «Tufteparken»

Høgdepunkt frå gruppene

Det har vore god aktivitet i gruppene og styre vil seie seg svært nøgd med det arbeidet som er gjort av tillitsvalde og trenarar. Styret vil vise til dei ulike laga sine årsmeldingar for fyldigare informasjon, men styret vil likevel trekke fram desse hendingane i idrettsåret 2016.



Fotball

- Ein stor organisasjon med 38 på lønnslista og 235 frillige
- Skuffande resultat i OBOS ligaen
- Spelarutvikling, kursing og oppfølging av trenarar
- Team Søre – samarbeid med klubbar i nærområdet
- Einast OBOS lag som har fått samarbeide Norsk Toppfotballsenter
- Dame/jentefotballen har mange gode lag og einskildspelarar
- Dame landskampen Noreg - Israel
- Stor breidde, 52 lag og godkjent som kvalitetsklubb
- God organisasjon og god økonomi, men 2016 – meirforbruk
- Høddvoll Stadion AS – vidare utvikling av området
- Mange frivillige som gjer ein stor innsats

Handball

- Sportsleg positiv utvikling og stigning i serie og treningsarbeidet
- Herrelag i sesongen 2015/2016.
- Fredrikstad cup nytt bekjentskap
- Ulstein Cup 2016 – 70 år - Dame landslaget sin siste turnering før OL i Rio
- I 14 dagar var Ulsteinvik sentrum for handballen – nasjonalt og internasjonalt!
- Solid økonomi i klubben og velfungerande styre
- Fokus på godt klubbmiljø
- Jobbar med fleire ulike prosjekt; klubb utvikling, utdanning av trenarar og utvikling av det sportslege tilbodet retta mot den einskilde utøvar

Turn

- 2016 har vore eit aktivt år
- Heile 27 aktive gymnaster i guteturn (4. klasse og oppover)
- Guteturn vann lagkonkurranse for rekruttar i KM og Midtnorsk Meisterskap
- Guteturn fekk sin første kringsmeister og midtnorsk meister i hopp
- Jenteturn gymnasiast vart Noregesmeister i hopp for junior og tok del i Europameisterskapen saman med det norske juniorlandslaget
- Konkurransespartia RG, apparatturn kvinner og menn har vore på ei rekkje konkurransar og har og gjennomført konkurransar på heimebane
- Jamleg gjennomført treningssamlingar og kurs
- Stor dugnadsinnsats i turngruppa

Trim

- Fjelltrimmen mai 2015 – mai 2016 ca 48.500 besøk på fjelltoppane
- Skeidsniben mest besøkt – 6.700
- Høddmarsjen 25. september på ny turveg frå Bugardsdammen via Mørdarbakken og fram til Lisjevatnet. 88 personar gjekk marsjen i godt og varmt ver.
- Flerie fekk utdelt 10, 20 og 30 årspokal
- Stort engasjement frå Trimgruppa i arbeidet med turvegar i godt samarbeid med Skeide Utmark og Ulstein kommune og næringslivet
- «Tufteparken»

Hødd-boka 2016

Også i år kom boka ut med godt og interessant innhald. Klar frå trykkeriet i rett tid før jul. Heile opplaget vart selt ut. Overskotet kom på heile kr 38.956,00. Desse pengane er bestemt avsett til 100 års markeringa.



IL Hødd er svært takksame for det arbeidet Arne Flatin har lagt ned i arbeidet med boka.

Frivillig innsats

Idrettslaget vil rette ein stor takk til alle som stiller opp på fritida si og bidreg til at born og unge i Ulstein kommune kan ha eit utval av aktivitetar å halde på med. Idrettslaget hadde ikkje kunne halde på med all den aktiviteten ein tilbyr om det ikkje var for alle frivillige som stiller opp og gjer ein innsats. Sturet i IL Hødd vil rette ein stor takk til alle saman.

Økonomi, rekneskap og fullmakter.

2016 vart ikkje like bra som 2015. Årsaka til resultatnedgangen finn vi i fotballgruppa. I all hovudsak hjå Senior med eit årsresultat på -1.773.766. Den totale eigenkapitalen i klubben er no på omlag 11.288.576 mill. kroner. Likviditeten er på ca. 10,8 mill. kroner. Resultatet for 2016 vart på kr. - 1.188.787 og eit driftsresultat før finans og kjøp av spelarrettar på kr. - 1.784.954. Vi viser elles til vedlagde samanstilte resultat og balanse for IL Hødd.

Etter vedtektene er gruppene sjølvstyrte og ansvarleg for eigen aktivitet og eigen økonomi. Styret har gitt fullmakt til dei respektive gruppene ved leiar, rett til å signere nødvendige avtalar, kontraktar og dokument innanfor det årsmøtegodkjende budsjettet.

Alle gruppene held sine egne årsmøte, skriv egne årsmeldingar og fører sine egne rekneskap. Hovudstyret vil derfor vise til desse årsmeldingane og rekneskapa, for å få oversikt over denne aktiviteten i laget vårt.

Medlem-/aktiv oversikt 2014

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Sum talet på aktive u. 20 år	672	901		747	623	642	875	846	907	828	970
Talet på betalende medl.		995	1038	1041	1132	958	1098	1199	1347	1347	1345
Aktive kvinner		546	487	531	423	415	570	588	681	681	724
Aktive menn		422	551	419	367	439	476	568	626	626	621
Aktive fotball			248	522	473	556	612	639	712	712	697
Aktive handball			97	161	115	95	234	298	312	312	193
Aktive turn			106	173	202	203	200	219	283	283	328
Sum aktive			451	856	790	854	1046	1156	1307	1307	1345
Passive medl.			*587	175	342	104	52	42	40	40	

Tala i 2016 er henta frå MinIdrett. Slik denne registreringa ligg no klarer vi ikkje å skilje mellom aktive og støtte medlem. Sjå detaljert vedlegg på melemsstatistikk.



Styret takkar alle gruppene, tillitsmenn og aktive for innsatsen i 2016 og ynskjer eit nytt framgangsrikt år i 2017!

Høddvoll den
07. mars 2017

Einar Warholm
Leiar
Sign.

Bård Dalen
Nestleiar
Sign.

Ann Kristin Eiken
Medlem
Sign.

Jarl Martin Møller
Medlem
Sign.

Lindor Skeide
Medlem
Sign.



VEDLEGG TIL SAK 9

Medlemskontigent og treningsavgifter IL Hødd

Medlemskontigent IL HØDD 2017 (2016 tal i parantes)

Familiemedlemskap	750,00 (500,00)
Medlem	250,00

Styret rår til at ein endrar medlemskontigen til kr. 750,00 for familie og at ein kun har ein avgift for medlem. Tidlegare var dette delt i medlem born, vaksen og støtte medlem. Grunna den nye medlemsregistreringa, er det ein fordel med enklast mogleg medlemskontigent.



VEDLEGG TIL SAK 9 forts.

Forslag til endring av treningsavgift IL Hødd 2016 (2015 tal i parantes)


2016	Fotball U-gruppe	Handball	Turn
G/J 6 - 8 år	1.200,00 (1.000,00)		
G/J 9 - 10 år	1.200,00 (1.000,00)		
G/J 11 - 12 år	1.500,00 (1.300,00)		
J 14 / 13	2.200,00 (2.000,00)		
G 14 / 13	2.200,00 (2.000,00)		
J 16	2.500,00 (2.300,00)		
G 16 - 2	2.500,00 (2.300,00)		
G 16 - 1	3.300,00 (3.000,00)		
G 19	3.000,00 (3.000,00)		
Dame	4.700,00 (4.700,00)		
Rekrutt	4.700,00 (4.000,00)		
Hødd United	1.500,00 (1.300,00)		
Andre (ikkje direkte knytt til laget - gjeld frå 12 år))		500,00	
Til og med 12 år		700,00 (700,00)	
Til og med 14 år		800,00 (800,00)	
Til og med 16 år		1.000,00 (1.000,00)	
Senior		1.300,00 (1.300,00)	
Gymleik			1200,00 (1000,00)
1 dag pr. veke			1.400,00 (1200,00)
2 dagar pr. veke			2.100,00 (1.800,00)
3 dagar pr. veke			2.900,00 (2.500,00)
Ulike greiner/konkurranse 4 dagar			3.200,00 2.800,00y
Ulike greiner/konkurranse 5 dagar			3.500,00 (3000)

Styret rår til at ein godkjenner treningsavgidtene som vist i tabellen over.



VEDLEGG TIL SAK 11:

Laget sin organisasjon



Styret rår til at ein goskjenner laget sin organisasjon. Ein viser elles til dei ulike gruppene sine organisasjonar.



VEDLEGG TIL SAK 12:

Heidersmerkenemnda sin instilling

Årsmøtet i Heidersmerkenemnda i IL Hødd har hatt årsmøte.

Etter gjennomgang og oppdatering av adelskalendaren for tillitsvalde i IL Hødd har nemnda kome fram til fylgjande heidersteikn etter 2016:

Pokalen for 10 år

Bård Dalen
Petter Are Vik
Arne Runar Vik
Johs Chr Riise
Ole Petter Fjørtoft
Ann Kristin Eiken

Tinnfatet for 20 år

Anita Giske Eiksund
Odd Idar Garnes
John Åge Sundal
Per Arve Moldskred
Arnfinn Ingjerd
Gro-Lise Rise

Gullnåla for 30 år

Bjørn Roppen
Jostein Saunes

Nemnda foreslår at heidersteikna vert tildelt på Høddvoll søndag 28.mai når Hødd spelar mot Nest Sotra.

Mvh

Arne Flatin, leiar
Eldor Skeide, medl
Andre Nevstad, medl

Styret rår til at ein godkjenner heidersmerkenemnda sin instilling.